


# ÅRSMELDING



2017

JØSNESET BYGDARÅD



# Årsmelding 2017 – Jøsneset bygdaråd

**Årsmøtet 2017 blei halde 23.02.17.**

Val: Valkomiteen si innstilling blei vedtatt:

Unni Fossaa - leiar for 1 år

Rasin Tjeltveit – attval for 2 år

Svanhild Hjorteland og Brahim Gbada – valde for 2 år.

Jarle Langvik og Øyvind Oaland – varamedlemmer for 1 år.

Valnemnd: Odd Fosså – vald for 3 år

**Styret har vore konstituert slik:**

Leiar: Unni Fossaa. Kasserar: Marit Wyller. Sekretær: Rasin Tjeltveit. Kontakt for utlån av trivselstova/skulebygg: Svanhild Hjorteland. Innkjøpsansvarleg: Brahim Gbada.

## Aktivitet

I tillegg til årsmøtet har det vore 7 ordinære styremøter, møte med ordførar/andre bygdaråd og ein del uformell kontakt pr telefon/e-post.

**Overtaking av kulebygningane:** Prosessen med å få til ein avtale med kommunen går fortsatt seint, men det har byrja å skje noko. Det blei først arrangert eit møte mellom bygdarådet og kommunen (ordførar, teknisk leiar og Leif Velde-Johannessen) i mars. Unni og Rasin har og hatt møte med rådmann, ordførar og teknisk leiar. I dette møtet lova rådmannen å ta tak i saka veldig snart. På møtet blei det og tatt opp sak om vedlikehald/lekkasje på skulebygg. Rådmannen ga teknisk leiar i oppgåve å finne ut av den nye lekkasjen. Bygdarådet blei også lova at kommunen skulle finne ut av kva det ville koste å leggje nytt tak over den flate delen. Vi blei lova svar på dette innan utgangen av januar 2018, men det er mulig bygda må bidra økonomisk viss ein skal få realisert dette innan rimeleg tid.

**Skiltprosjektet:** Det blei jobba ein del med dette våren 2017, og det er laga skilt for dei aller fleste stadnamna vi hadde planlagt. Ein sit endå på ein god del material, så arbeidet bør vel likevel ikkje sjåast på som endeleg avslutta.

**Den internasjonale vaffedagen:** Denne blei arrangert 25.03 som kafé og uformell drøs.

**Ryddedagar:** Det blei arrangert to ryddedagar. Den første blei arrangert 29.04. Det var då utvask av trivselstova og gym.bygg. I tillegg blei det rydda utandørs.

Den 10.05 blei den tradisjonelle ryddedagen arrangert, der ein ryddar langs vegane.

**Sankt Hans:** Kvelden blei tradisjonelt feira i Skiftunstranda, og arrangert saman med Helselaget.

**Smashing Jøsneset 05.08:** Det var konsert med Hilde Selvikvåg, medan Goggen spelte opp til dans etterpå. Bygdarådet var svært nøgd med frammøtet og overskotet. Vi har og fått veldig gode tilbakemeldingar frå mange av dei frammøtte. Det blei ytt stor dugnadsinnsats av folket i bygda.

**TV-aksjonen 22.10:** Bygdarådet arrangerte kafé i Trivselstova. Godt frammøte. Det blei elles servert frukt og fruktprodukter for å markere Epledagen.

**Juletrenning 02.12.:** Det starta med fakkel tog frå Skiftun kai og opp til branngarasjen. Der blei lysa tent på julereet, og det var gang rundt treet. Etterpå blei det selt graut, kaffi og kaker i trivselstova.

**Nyttårsfeiring på skulen:** Etter suksess med dette tidlegare år, blei det arrangert dette året og med bra frammøte.

**Maling av bygg og arbeid på uteområdet:** Gym.bygget er malt på dugnad, men kommunen heldt maling og reiskapar. Området nordvest for gamlebygget blei i tillegg rydda for buskar. Det blei så dekka med pukk og planta nokre vintergrøne planter der. Geir Natland bidrog gratis med stein og tilkjøring.

Svanhild H. Gbada har gitt og planta ein del planter rundt oppslagstavla.

**Anna:**

-Det er sendt uttalar i tilknytning til kommuneplan, dei kommunale vegane, ferjeruter, sikt ved kryss fylkesveg/riksveg i Nesvik og planane om ny ferjestø.

-Christian Fr. Wyller har leigd eit klasserom til kontor på ubestemt tid.

-ein har jobba for å få til bibliotek i eit klasserom, noko ein satsar på skal stå ferdig våren 2018. Marit Wyller har leda dette arbeidet.

-bordkledningen på ein vegg på gym.bygget er skifta på dugnad. Kommunen heldt materialer.

**Diverse tilskot:**

-Bygdarådet har fått 3 000 kr i generelt tilskot frå Hj. Kommune.

-det er gitt tilsagn om 10 000 frå Frivilligfondet til utstyr i det nye biblioteket. Desse blir utbetalt i 2018.

-28 000 frå HJ. Sparebank til å bygge vedskjul ved gapahuken (Fosstemmen). Johan Hjorteland har påtatt seg å hogge material til dette. Bygget vil bli sett opp på dugnad.

**Jøsneset på nett:** Dette er fortsatt mykje brukt. Nettsida blir stadig oppdatert med store og små hendingar, og responsen frå både nær og fjernt er veldig positiv.

Styret i bygdarådet vil til slutt takke sambygdingane for stor dugnadsinnsats og samarbeid gjennom året.

Skiftun 18.02.18.

Rasin Tjeltveit